

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 7/2017, 10. AUGUST 2017

- Kunnskap for framtida.

STUDENTSAMSKIPNADEN: ALLE HYBLANE ER UMLEIGDE, MEN ALLE FÅR HUSLY

Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda) har leigd ut alle sine hyblar. Studentar som framleis manglar bustad ved studiestart kan kontakte Studentsamskipnaden (man.-fre. 09:00-15:00) for å få ein plass å sove. Nettsidene til Studentsamskipnaden i Volda: www.sivolda.no

FRAMLEIS LEDIGE BARNEHAGEPLASSAR I STUDENTBARNEHAGEN

Studentsamskipnaden hadde 8. august framleis ledige plassar i studentbarnehagen. Nettsidene til Studentsamskipnaden i Volda: www.sivolda.no

SEMESTERSTART 15. AUGUST - INNHALDSRIK OPNINGS DAG

Opningsdagen for studieåret 2017-2018 er tysdag 15. august og opplegget blir mykje likt slik det har vore dei siste åra med fellessamling utandørs på plassen mellom Berte Kanutte-huset og Synnøve Ristehuset klokka 12-13. Etter opninga tek fadderane over og har blant anna ansvaret for å guide dei nye studentane fram til lokale der dei skal møte lærarane sine. Informasjon om kvar desse lokala er og anna praktisk informasjon er her:

<https://studietilbod.hivolda.no/praktiskinformasjon>

Meir informasjon om studiestart: <http://www.hivolda.no/studiestart>

VERVARSEL FOR OPNINGS DAGEN

Vermeldinga tyder på regn ut på ettermiddagen tysdag - men vonleg ikkje kl 12-13. Kontor for samfunnskontakt har liggande ca 1.000 regnponchoar som kan delast ut i tilfelle regn! Vervarsel for Volda på yr.no: https://www.yr.no/sted/Norge/M%C3%B8re_og_Romsdal/Volda/Volda/

SEMESTERSTART ANDRE STADER: HVO ER REPRESENTERT I MOLDE OG ÅLESUND

Rektor Johann Roppen vil representere Høgskulen i Volda på semesteropninga ved Høgskolen i Molde onsdag 16. august og ved NTNU Ålesund torsdag 17. august. Høgskolen i Molde, Høgskulen på Vestlandet og Universitetet i Bergen er representert ved semesteropninga ved Høgskulen i Volda.

MØTEPLASSEN HVO - MANGE TILREISANDE GJESTER

I høve opningsdagen kjem det mange tilreisande gjester frå fylkesmannen, fylkeskommunen, ei rekkje kommunar og også fleire stortingsrepresentantar og listetoppar på årets stortingsval i Møre og Romsdal. Dei tilreisande vil få høyre eit føredrag der Kåre Heggen formidlar frå si forskning om regionale høgskular og bulyst på Vestlandet. Det blir også fleire møte mellom fagmiljø på Høgskulen i Volda og dei tilreisande gjestane. Høgskulen i Volda er også møteplass for eit nystarta forum der leiarar frå Volda kommune, høgskule og bedrifter i Volda skal møtast.

OPNINGSTALAR SOM SET PRIS PÅ UTDANNING

Årets opningstalar er ordførar Lena Landsverk Sande i Vanylven kommune. Vanylven kommune tilbyr høgare løn og i tillegg "Finnmarksstipend" til folk med høgare utdanning som får seg jobb og buset seg i kommunen. Dette gjeld blant anna lærarar.

<http://www.smp.no/nyheter/2017/06/21/Vanylven-tar-studiel%C3%A5net-14908680.ece>

DET KAN GÅ MOT REKORDOPPTAK - PASSERER VI 4.000?

Det er framleis ikkje heilt klart kor mange registrerte studentar som vil studere ved Høgskulen i Volda hausten 2017, men mange av tala ser ut til å ligge over tilsvarende tal i 2016, som også var eit godt år. Det magiske talet mange lurar på om vi passerer hausten 2017 er 4.000 studentar. Det vil i så fall vere for aller første gong. Det aller beste opptaket fram til no var hausten 2015 då det endelege talet vart 3.992, så vi har vore nær før.

STIG HELSET DISPUTERER 18. AUGUST

Førstelektor Stig Jarle Helset ved Høgskulen i Volda skal 18. august 2017 forsvare si ph.d.-avhandling i norsk språk ved Universitetet i Bergen. Avhandlinga har tittelen: "Norm og røyndom. En statistisk studie av operative normer i det nynorske skriftspråket".

Stig Helsets nettside på Høgskulen i Volda: <http://www.hivolda.no/hivolda/utvidasok/sokjeresultat/?&displayitem=826&module=admin>

Omtale av disputasen på nettsidene til Universitetet i Bergen: <http://www.uib.no/ile/109419/stig-jarle-helset-%E2%80%93-norsk-spr%C3%A5kvitskap>

PERNILLE FISKERSTRAND DISPUTERER 25. AUGUST

Høgskulelektor Pernille Fiskerstrand ved Høgskulen i Volda skal 25. august 2017 forsvare si ph.d.-avhandling i norsk ved Universitetet i Bergen. Avhandlinga har tittelen "Fagspråk og språkfag – om møtet mellom skrivekulturane i norsk og samfunnsfag for elevar på Vg2 yrkesfag". I avhandlinga har Fiskerstrand sett på korleis yrkesfaglærarar i norsk og samfunnsfag har samarbeidd i eit skriveprosjekt. Fiskerstrand har generalprøve på si prøveføreling på Høgskulen i Volda, Kaarstad 306, fredag 18. august. Denne prøve-prøveførelinga er open for alle.

<http://www.hivolda.no/kalender?&displayitem=857&module=communicator>

NYE STIPENDIATSTILLINGAR

Ei rekkje stipendiatstillingar på alle avdelingane ved Høgskulen har vorte lyst ut - eller er i ferd med å bli lyst ut. Pr i dag er det lyst ut stipendiatstillingar i journalistikk, samfunnsplanlegging og leiing og på vår felles ph.d.-utdanning i helse- og sosialfag i lag med Høgskulen i Molde: "Profesjonsutøving - vilkår og utvikling".

Du finn alle utlyste stillingar ved Høgskulen i Volda på denne nettsida: <http://www.hivolda.no/stilling>

INTRODUKSJONSKURS FOR NYE TILSETTE 25. AUGUST

Det er i haust svært mange nytilsette ved Høgskulen i Volda, og dei får ein eigen introduksjonsdag 25. august. Ta kontakt med Solbjørg Nossen Leite om du ikkje har fått informasjon om eller invitasjon til dagen.

CANVAS FOR ALLE - TA KURS!

Høgskulen går no over til læringsplattforma Canvas. Sjølv om Canvas ser ut ti å vere lett å lære så er det alltid spesielle ting ein bør få informasjon om. Canvas er også mykje meir mangfaldig enn Fronter, til dømes når det gjeld bruk av video, og ved å gå på kurs får ein innblikk i mykje av det som Canvas har å by på.

PENSUMLISTER - NO HASTAR DET!

Bokhandelen er svært nøgd med at det store fleirtalet av pensumlistene var på plass i god tid før sommarferien. Bøker vart bestilte i god tid og er no på plass i hyllene til bokhandelen. Dei siste etternølarane må få inn listene til bokhandelen torsdag 10. august om det skal vere håp om å få bøkene på plass til studiestart. Engelske bøker som blir tinga no vil derimot ikkje vere på plass før ut i semesteret.

Emne som vert tilbodne og aktuelle pensumlistar for hausten 2017 finn du her:

<http://www.hivolda.no/for-studentar/studentsorvis/pensumliste-haust-2017>

ARBEIDSGRUPPE SKAL VURDERE AVDELINGSSTRUKTUR

Høgskulestyret har vedteke å sette ned arbeidsgrupper som skal vurdere avdelingsstrukturen ved Høgskulen i Volda. Gruppa sitt arbeid skal vere ferdig i løpet av juni 2018. Rektor har peika ut følgjande medlemmer i gruppa: Vibeke Preus Bech (AKF), Hans Martin Dypvik (AMF), Ragnhild Hamre (AHL), Roar Amdam (ASH), Gonnies Smit (Fellesadministrasjonen). Fagforeiningane har med Tor Arne Haugen

(Forskarforbundet) og studentane sin representant vil bli peika ut seinare. Sekretær for gruppa blir personaldirektør Nina C. Garshol. Gruppa vel sjølv leiar.

ARBEIDSGRUPPE SKAL VURDERE BUDSJETTMODELLEN

Høgskulestyret har vedteke at budsjettmodellen skal vurderast og rektor har sett ned ei arbeidsgruppe som skal kome med ei vurdering før 1. februar 2018. Medlemmene av gruppa er: Gunn Marit Lid (AKF), Solgunn Ose Bjørneset (AMF), Pål Hamre (AHL), Jarle Pedersen (ASH) og Ingunn Welle (Fellesadministrasjonen). Fagforeiningane har med Odd Helge Tonheim (Utdanningsforbundet), og studentane sin representant vil bli peika ut seinare. Sekretær for gruppa er seniorkonsulent Kristine Sævik Bjørneset (AHL). Viserektor Terje Bjelle ved Høgskulen på Vestlandet blir eksternt medlem i arbeidsgruppa. Gruppa vel sjølv leiar.

JACOB GÅR - JACOBSEN KJEM

Høgskuledirektør Jacob Kjode jr gjekk av for aldersgrensa ved fylte 70 år og slutta som direktør 31. juli 2017. Ny direktør Karen Lomeland Jacobsen tek til 21. august, og i mellomtida fungerer økonomidirektør Ingunn Welle som høgskuledirektør.

Les helsingar til Kjode på rektorbloggen:

<https://blogg.hivolda.no/jr/2017/08/10/hogskuledirektor-jacob-kjode-jr-fyller-70-ar/>